

Avgjerande augneblinkar

– Fleire av novellene mine handlar om ein avgjerande augneblink, men dei ropar det ikkje ut, seier Sigrid Merethe Hanssen (41).

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Ho kjem frå Finnsnes i Troms og er lektor ved den vidaregåande skulen i heimbyen. Faren er den kjende forfattaren Arvid Hanssen, ein av dei store mellom dei nordnorske forfattarane.

– Eg hadde ikkje tenkt at eg skulle følgja i fotspora hans, seier Sigrid Merethe, men nyleg gav ho ut den vesle novellesamlinga *Sprang* på Samlaget.

Interessa for debutboka har vore stor på Finnsnes. I alle fall kunne lokalavisa slå fast at bokhandelen var utseld i fleire dagar, og at det var selt fleire bøker enn det som var vanleg for lokal litteratur.

Stillferdig

I Sigrid Merethe Hanssens debutsamling kjem ulike røyster til orde: kvinner og menn, unge og gamle. Det er stillferdige skildringar, og ofte handlar dei om tilhøvet mellom kjønna.

– Eg veit ikkje kva som var årsaka til at eg byrja skriva. Det må ha vore noko som har lege der naturleg. Først dei siste åra har eg skriva med tanke på å gje ut bok.

– Kvifor noveller?

– Kanskje av di det er ein oversiktleg sjanger som er grei å byrja med. Det er lett å skriva lyrisk i noveller, og det ligg meg nært – med rytme og repetisjonar. Somme av novellene har vorte til i ein fart, medan andre trong lang mogningstid.

– Du har kalla samlinga *Sprang*?

– Då fleire av tekstane låg føre, oppdaga eg at det handla om menneske som var i ferd med å utvikla seg – eller som ikkje var det. Dei fortel

om ei indre oppleving og kommunikasjon mellom menneske, samstundes som det er mykje ikkje-kommunikasjon. Eg kjenner meg godt att i tekstane til Jon Fosse – både i språket og i skildringa av mangelen på kommunikasjon. Det tiltalar meg, men skal ein skriva slik, må ein utforska andre måtar å skildra høgdepunkt og handlingar på.

– Kvar finn du tema til novellene?

– Kanskje tenkjer eg meg kva som kunne ha skjedd og diktar vidare på det, eller det kan vera at det dumpar ned ei setning som ikkje har noka rot i røyndomen.

På mitt språk

Det har ikkje vore mange som har brukt nynorsk på Finnsnes etter krigen, og Sigrid Merethe Hanssen hadde bokmål til hovudmål på skulen.

– Men når eg har skriva brev og personlege ting, har eg alltid skriva på nynorsk. På skulen har eg meir eller mindre vore tvunga til å skriva bokmål, men nynorsk er språket mitt. Det har med talemålet å gjera. Det er lettare å formidla noko som er nært og ekte på nynorsk.

– Kva tilhøve har du til forfattarskapen til far din?

– Han har skreiv romanar på bokmål og lyrikk på nynorsk. Eg har stor sans for lyrikken, og det lyriske finn ein noko att i mi bok også. Me tek begge utgangspunkt i noko nært. Det treng ikkje å vera noko lokalt, men noko ålmenmenneskeleg.

– Har han fått den posisjonen han fortener?

– Eg veit ikkje om eg vil seia noko om det. Han meinte nok at bøkene ikkje var lokale, men at det ligg noko ålment i dei.